

Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF

Tid: 06.10.2010
Møtestad: Helse Vest RHF, Stavanger

Styremøtet var ope for publikum og presse

Oddvard Nilsen
Aud Berit Alsaker Haynes
Gisle Handeland
Gunnar Berge
Gerd Dvergsdal
Gro Skartveit
Toril Selsvold Nyborg
Lise Karin Strømme
Aslaug Husa
Reidun Nyborg Johansen

Forfall frå styret

Nils P Støyva
Ohene Aboagye
Helge Espelid

Deltakarar frå administrasjonen:

Administrerende direktør Herlof Nilssen
Fagdirektør Baard-Christian Schem
Eigardirektør Ivar Eriksen
Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen
Personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christiansen
Konst. kommunikasjonsdirektør Elisabeth Huse
Torunn Nilsen referent

Sakliste

Ope del

100/10 B	Godkjenning av innkalling og dagsorden
101/10 B	Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 1. september 2010
102/10 B	Administrerande direktør si orientering
103/10 B	Rapportering frå verksemda per august 2010
104/10 B	Langsiktig finansiering av Helse Vest IKT AS
105/10 B	2. tertial rapportering på krav i oppdragsdokument og protokoll
106/10 B	Overordna risikovurdering per 2. tertial 2010
107/10 B	Godtgjersle av tapt arbeidsforteneste
108/10 B	Eventuelt
	Skriv og meldingar

Lukka del

Sak 109 og sak 110 var u.off jf Offentleglova § 14, 1. ledd

109/10 B	Styret si eigenevaluering
110/10 B	Vurdering av administrerande direktør og regulering av løn

Presentasjon av sjukehusapoteka Vest ved styreleiar Ragnhild Osmundsen

Styreleiar Ragnhild Osmundsen presenterte Sjukehusapoteka Vest HF, med fokus på følgjande område:

- Korleis gjer Sjukehusapoteka Vest verdi til sine kundar?
- Status økonomi
- Faglegheit og pasientsikkerheit
- Strategiarbeid og vegval

Lysark er sendt ut til styret.

100/10 B Godkjenning av innkalling og dagsorden

Presentasjon av nye tilsette:

Administrerande direktør presenterte ny leiar for internrevisjonen i Helse Vest, Bård Humberset og orienterte om at det er tilsett ny kommunikasjonsdirektør i Helse Vest RHF, Bente Aae.

Forfall:

Nils P Støiva, Ohene Aboagye og Helge Espelid.

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var ettersendt og delt ut i møte:

Til sak 102/10 O AD si orientering pkt 3, Notat – Oppfølging av ventetidshandtering i Helse Vest

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var delt ut i møte:

Til skriv og meldingar:

- Brev frå Arbeidsgruppa for vidare drift av Nordfjord Sjukehus til Helse Vest RHF, dagsett 23.09.10 "Vurdering av vidare drift av Nordfjord Sjukehus under en idell stiftelse "
- Brev frå Årdal kommune til Helse Vest RHF, dagsett 01.10.10 "Melding om vedtak Områdeplan for svangerskaps-, fødsels- og barselomsorga i Helse Førde – uttale frå Årdal kommune"
- Brev frå advokatfirmaet Harris på vegne av Aksjonskomiteen for bevaring av Nordfjord sjukehus – Gavebrev av 7. januar 1950 – Plikt til å undersøke om privat institusjon vil overta drift av Nordfjord sykehus.

Styreleiar orienterte om nytt pkt 8 på AD si orientering:

Styreleiar orienterte om nytt pkt 8 på AD si orientering – Statsbudsjettet 2011

Lukka del:

Styreleiar orienterte om at møtet blei lukka under handlinga av sak 109 B Styret si eignevaluering og sak 110 B Vurdering av administrerende direktør og regulering av løn, med heimel i Offentleglova § 14, 1. ledd

Eventuelt:

Følgjande saker blei meldt til eventuelt:

- Status Krohnstad DPS (TSN)

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

101/10 B Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 1. september 2010

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 1. september 2010.

102/10 B Administrerende direktør si orientering

1 Bruk av korridorpassar i Helse Stavanger

Dei siste 2 vekene har det vore 15 - 20 korridorpasientar innan somatisk behandling i Helse Stavanger. I psykiatrien har det ikkje vore 1 korridorpasient i eit døgn dei siste 2 vekene.

2 Bruk av korridorpassar innan psykisk helsevern i Helse Bergen

Det har vore frå 2 – 4 korridorpasient i psykisk helsevern i Helse Bergen førre helg. Helsetilsynet har avslutta tilsynet, men Helse Vest følgjer framleis tett opp.

3 Oppfølging av ventetidshandtering i Helse Vest

Talet på fristbrot i Helse Vest er høgt, noko som er uakseptabelt både medisinsk og juridisk:

- Medisinsk; fordi helsehjelp ikkje blir starta innanfor den tidsfristen som er sett ved den medisinskfaglege vurderinga av tilvisinga.
- Juridisk; fordi pasientane ikkje får oppfylt dei rettane dei har etter Pasientrettigheitslova.

Helse Vest RHF har i 2009/2010 gjennomført to prosjekt retta mot ventelistehandtering og ventetider. Siktemålet har vore å identifisere forbetningsområde slik at vi kan unngå fristbrot og langtidsventande, og å få redusert ventetidene i føretaksgruppa.

Styret i Helse Vest har behandla hovudprosjektrapporten i møte 4. mai 2010 (Styresak 053/10 B; *Oppfølging av rapport om ventetidshandtering i Helse Vest*). I saka går det fram kva premisser som skal leggst til grunn i det vidare arbeidet med ventelistehandtering og ventetider i Helse Vest.

Det er ein føresetnad at HF-styra vert tungt involvert i det vidare arbeidet. Helse Vest RHF har i brev av 04.06.10 bede om gjennomgåande styrebehandling i alle HF-styra av RHF-styresak 053/10.

På denne bakgrunn er det iversett ei rekke strakstiltak for å forbetre rutinane for behandling av tilvisingar, forbetre administrering av ventelister og for å fjerne fristbrot og at det finnes langtidsventande (definert som pasientar som har venta lengre enn den aktuelle kliniske eininga sine maksimale ventetider) i føretaksgruppa.

4 Tildeling av samhandlingsmidlar

Styret i Helse Vest vedtok i sak 108/09 å setje av 5 mill. kr i 2010 til gode prosjekt og tiltak innan samhandling, som ledd i å understøtte samhandlingsreforma.

Følgjande 9 prosjekt blir tildelt midlar i 2010:

Prosjekt	Søklar	Tildeling
Heilskaplege pasientforløp for definerte pasientgrupper (KOLS og barn med utviklingsforstyrningar)	Helse Stavanger	500 000
Ambulant sjukepleieteneste frå SUS til sjukeheim og heimetenesta i Sandnes kommune	Helse Stavanger	900 000
Helseteam for eldre. Utvikle betre pasientforløp og helsetenester til eldre, kronikarar, rehabiliteringspasientar og palliative pasientar. Dette er eit delprosjekt i Helsetorgmodellen.	Helse Fonna	800 000
"Prosjekt Betre saman" – etablering av lokalmedisinsk senter på Straume: Delprosjekt 1: Behov Kartlegging og analyse Delprosjekt 2: LMS i spesialisthelsetenesta Delprosjekt 3: Utgreiing vedrørande eventuelle røntgentenester Delprosjekt 4: Jordmor heim	Helse Bergen	1 300 000
Tvang i psykisk helsevern - Samhandlingsutfordringa	Helse Bergen	250 000
Omfang og kvalitet på tilvising i Sogn og Fjordane - kommunehelsetenesta si gatekeeperfunksjon	Helse Førde	500 000
Utkling av god samhandling mellom Kvam kommune og Voss sjukehus vedr. overføring av legemiddelinformasjon på pasientnivå – korleis oppnå det?	Sjukehus- apoteka Vest	200 000
Utvikling av godt behandlingsforløp for sjukeheimspasientar med akutt oppstått infeksjon. M.a. systematisk kompetanseoppbygging blant tilsette i sjukeheimen	Haraldsplass Diakonale Sykehus	300 000
Felles forståing og samhandling om langtidssjuke pasientar med psykosediagnose	Hospitalet Betanien	250 000
SAMLA		5 000 000

- 5 **Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav i perioden 16.08.10 - 19.09.10**
Administrasjonen viste til utsendt notat.
- 6 **Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker i perioden 16.08.10 - 19.09.10**
Administrasjonen viste til utsendt notat.
- 7 **Oversikt over aktuelle høyringar per 19.09.10**
Administrasjonen viste til utsendt notat.
- 8 **Statsbudsjett 2011**
Deflator i Statsbudsjett 2011 er 3,1 %.
Generell aktivitetsvekst er på 1,4%
Etter inntektsmodellen vil Helse Vest bli styrka med 142 mill kr.
Område som vil bli styrka er: Nyfødt screening, Pilotprosjekt screening kreft i tykk- /endetarm, Opptrappingsplan rusområdet.
Helse Vest får lån til ny Barne og ungdomspsykiatri Helse Stavanger - 103 mill kr.
Helse Vest får lån til nytt barne og ungdomssenter Helse Bergen - 108 mill kr. i 2011.
Oppdatering inntektssystem gir Helse Vest ein auka inntekt på 33,2 mill kr.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok meldingane til orientering.

103/10 B Rapportering frå verksemda per august 2010

Oppsummering:

Aktivitetsrapporteringa innan somatikk har i 2010 vore påverka av at det har blitt føretatt så store endringar i innsatsstyrt finansiering at det er vanskeleg å samanlikne denne aktiviteten med tilsvarende tal for 2009. Samanlikna med budsjettert aktivitet er den samla somatiske DRG-produksjonen per august 1,8 % høgare enn det HF-a i sum har budsjettert med.

Ventetidsutviklinga slik den ser ut per august 2010 viser at dei gjennomsnittlege ventetidene er på same nivå som for eit år sidan innan somatikk og BUP, og litt lågare for prioriterte pasientar innan psykisk helsevern for vaksne. Ventetidsutviklinga har vore relativt stabil fram til sommaren, særleg for dei prioriterte pasientane. Som venta steig dei gjennomsnittlege ventetidene i samband med ferieavvikling i HF-a. Ventetidene er i gjennomsnitt kortast for dei prioriterte pasientane. Dette gjeld både for pasientar som er tatt til behandling og for pasientar som framleis ventar. Epikrisetidene held seg stabile rundt 75 % innan psykisk helsevern og rundt 65 % innan somatikken.

Akkumulert resultat pr august er pluss kr 80,6 mill. Dette er kr 29,7 mill dårlegare enn budsjett. Sjukehusapoteka rapporterer ei prognose som er kr 3 mill betre enn budsjett medan Helse Stavanger nå rapporterer eit resultat på kr 0,-. Helse Førde har forbetra si prognose, og rapporterer no ei prognose som er 17,2 mill dårlegare enn budsjett. Dei andre føretaka opprettheld sine prognosar frå førre rapportering. Helse Fonna og Helse Førde rapporterer ei realisert omstilling på 48 og 96 % medan Helse Stavanger rapporterer at føretaket bare har realisert 25 % av forventet realisert omstilling pr august. Helse Vest vil ha ei tett oppfølging av likviditetssituasjonen framover, men vurderer samla sett driftskredittramma til å vere tilstrekkeleg.

Sjukefråværet for føretaksgruppa var 6,2 % i pr juli. Sjukemeldt sjukefråvær er 5,7 % i juli noko som er stabilt frå juni. Tal einingar som har eit sjukefråvær på 5,5 % eller lågare var i august 69 %.

Det er 459 fleire netto månadsverk i føretaksgruppa i august samanlikna med august i fjor.

Tiltrua til spesialisthelsetenesta er denne månaden på 81 prosent, ei auke på 4 prosentpoeng frå juni. Inntrykket av det regionale helseføretaket ligg i august på 55 prosent, ned 3 prosentpoeng frå siste måling.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok rapportering frå verksemda per 31. august 2010 til etterretning.

104/10 B Langsiktig finansiering av Helse Vest IKT AS

Oppsummering:

Styret i Helse Vest behandla i møte den 15/10-2009 sak nr. 094/09 B Langsiktig finansiering av Helse Vest IKT. Det blei fatta følgjande vedtak:

1. *Styret godkjenner at det blir inngått ny avtale med Helse Vest IKT om å auke langsiktig lån med kr 90 mill.*
2. *Dei økonomiske vilkåra skal være i samsvar med dei vilkår Helse Vest har på konsernkonto.*
3. *Tilbakebetaling av lånet skal minimum skje i takt med innbetalingane som knytte seg til investeringane.*

Helse Vest IKT har allereie nytta seg av den samla låneramme etter vedtaket ovanfor som beløper seg til kr 220 mill. I tillegg har det vore naudsynt å overføre totalt kr 80 mill i a-konto frå RHF-et til Helse Vest IKT for å sikre framdrifta i aktuelle investeringsprosjekt. Desse a-konto utbetalingane må dekkast innafor ny låneramme.

Helse Vest IKT har med basis i likviditetssituasjonen samt framdrifta på investeringsprosjekta vurdert at dei har behov for å få auke langsiktig låneramme med kr 158 mill. Det blir her vist til styret i Helse Vest IKT sitt vedtak under sak 042/10:

"Styret ber om at administrasjonen, med grunnlag i styresak 008/10 om budsjett for 2010, utarbeider og oversender til Helse Vest RHF søknad om lån på 158 mill. kr. i tråd med det som vart lagt fram i budsjettsaka"

Samla langsiktig låneramme til Helse Vest IKT vil etter dette utgjere kr 378 mill.

Likviditetsbehovet oppstår som følgje av at det er Helse Vest IKT som har dei likviditetsmessige utbetalingane til investeringar som blir gjort på vegne av helseføretaka. Tilbakebetaling av lån vil skje i tråd med dei inntektene som Helse Vest IKT skal fakturere helseføretaka når investeringane er ferdigstilte.

Administrerende direktør i Helse Vest RHF er styreleiar i Helse Vest IKT AS. Habiliteten er vurdert og det ligg ikkje føre omstende som gjer administrerende direktør i Helse Vest inhabil i denne saka.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret godkjenner at det blir inngått ny avtale med Helse Vest IKT om å auke langsiktig låneramme med kr 158 mill til totalt kr 378 mill.
2. Dei økonomiske vilkåra skal være i samsvar med dei vilkår Helse Vest har på konsernkonto
3. Tilbakebetaling av lånet skal minimum skje i takt med innbetalingane som knytte seg til investeringane.

105/10 B 2. tertial rapportering på krav i oppdragsdokument og protokoll

Oppsummering:

Helse Vest RHF har med innspel frå helseføretaka utarbeidd ein tertialvis rapport på krava som er stilte i oppdragsdokumentet og i føretaksprotokollen. Rapporten synleggjer at Helse Vest i hovudsak rapporterer god framdrift. Krav stilte i tilleggsk dokumenta til styringsdokumenta (vedtekne av styret i Helse Vest RHF 1.1.10) vil bli rapportert i årleg melding.

Styret hadde følgjande kommentarar til rapporteringa:

S 29 – livstidsbehandling blir korrigerert til livsstilsbehandling

S 38 – Frihavnsenteret ligg i Skånevik

Styret trakk fram at arbeidet med å få fleire heiltidsstillingar og framdrifta i arbeidet med rekruttering og samarbeid med utanningsinstitusjonane om utdanning av fleire helsefagarbeidarar og læreplassar i helseføretaka må ha høg prioritet.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok saka til orientering

106/10 B Overordna risikovurdering per 2. tertial 2010

Oppsummering:

Helseføretaka har ved 2. tertial følgd opp risikovurderingane frå 1. tertial og særskilt vurdert om dei risikoreduserande tiltaka som blei vedtekne ved 1. tertial har hatt effekt og om dette har hatt betydning for risikonivået. Helse Vest er nøgd med at tiltaka viser seg å ha effekt på nokre områder, og er nøgd med at risikovurderingane bidreg til å halde fokus på områder med utfordringar.

Helseføretaka rapporterer jamt over noko redusert risiko i forhold til å innfri det økonomiske resultatkravet. Når det gjeld innfriing av krav knytt til fristbrot, ventetider og korridorpasientar har tiltaka vist seg å ha mindre effekt, og det er framleis grunn til uro. Det same gjeld for dei eigendefinerte måla.

Helse Vest ønskjer at risikostyring skal opplevast som ein nyttig reiskap i verksemdsstyringa. For å oppnå dette er det viktig å auke kompetansen på risikostyring i føretaksgruppa. Risikokoordinatorar, leiarar og andre som deltek i eller har interesse for risikostyring vil frå neste år av, i samband med gjennomføring av risikostyring, bli tilbudd kurs i dette, gjennom eit samarbeidsprosjekt med Helse Nord.

Styret ønskte ei nærare orientering om LAR i Helse Førde på styremøte i november/desember.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tek saka til etterretning, og legg til grunn at helseføretaka framleis aktivt følgjer opp risikovurderingane med særskilt fokus på områda med høg risiko.
2. Styresaka med vedlegg blir oversend Helse- og omsorgsdepartementet som del av rapporteringa for 2. tertial 2010.

107/10 B Godtgjersle av tapt arbeidsforteneste

Oppsummering:

Styret i Helse Vest RHF bad i samband med handsaminga av styresak 061/10 B administrerande direktør om ei vurdering av om medlemmene i det Regionale brukarutvalet skal godtgjerast for tapt arbeidsforteneste. Administrerande direktør føreslår i denne styresaka at medlemmar av det Regionale brukarutvalet skal godtgjerast i tråd med satsane i staten si personalhandbok for godtgjersle av arbeid i statlige utval. Sjølvstendig næringsdrivande kan godtgjerast etter eigen søknad.

Vedtak (samrøystes):

Medlemmar av Regionalt brukarutval får godtgjort tapt inntekt på følgjande måte:

- Inntil kr. 1520,- per dag for dokumentert tap av arbeidsinntekt.
- Inntil kr. 610,- per dag for tapt arbeidsinntekt som ikkje kan dokumenterast, men som kan synleggjerast.
- Næringsinntekt kr. 575,- per time inntil 7,5 timar per dag etter dokumentert søknad

108/10 B Eventuelt

Status Krohnstad DPS (TSN)

Administrasjonen orienterte om at framdrift på prosjektet Krohnstad DPS er i samsvar med plan per september. Godkjenningar frå Bergen kommune låg føre i august, konkurransar er gjennomførte og priser er i samsvar med plan. Bygget skal etter planen stå klart i 2013.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Brev frå Helse Vest RHF til HOD, dagsett 19.09.10 "Høringsuttalelse - Forslag til forskrift om informasjonssikkerhet, tilgangsstyring og tilgang til helseopplysningar i behandlingsrettede helseregistre"
- Brev frå HOD til RHF-a, dagsett 20.09.10 "Fristbrudd og de regionale helseforetakene og heleforetakenes ansvar – Informasjon til pasienten ved fristbrudd"
- Brev frå Helse Vest RHF til Kluge Advokatfirma DA, dagsett 22.09.10 "Voss Rehabiliteringssenter AS - spørsmål vedrørende overgangsordning"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Rogaland til Helse Stavanger HF, dagsett 07.09.10 "Varsel om tilsyn ved Stavanger Universitetssjukehus, Psykiatrisk divisjon, post AMC2 og A3"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Askøy Blå Kors Klinikk, dagsett 15.09.10 "Meldingar om tvangsinnleggelser etter sosialtjenesteloven kapittel 6 – spesialisthelsetjenesteloven § 3-13"
- Brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Helse Vest RHF, dagsett 28.08.10 "Avslutning av tilsynssak – korridorsenger i Psykiatrisk klinikk, Psykiatrisk divisjon, Helse Bergen HF"
- Brev frå legerådet Nordfjord Sjukehus, dagsett 06.09.10 "Fråsegn frå legerådet Nordfjord sjukehus"
- Brev frå Eid kommune til Helse Vest RHF, dagsett 31.08.10 "Stopp gjennomføringa av strategiprosessen"

- e-post frå Oddmund Barmen, dagsett 16.09.10 "En læremester med en ufyselig fortid?"
- Kopi av brev frå Riksrevisjonen til HOD, dagsett 07.09.10 " Riksrevisjonens kontroll med forvaltninga av statlige selskaper i 2010 " Uts.Off.

Følgjande skriv og meldingar er delte ut i møte:

- Brev frå Arbeidsgruppa for vidare drift av Nordfjord Sjukehus til Helse Vest RHF, dagsett 23.09.10 "Vurdering av vidare drift av Nordfjord Sjukehus under en idell stiftelse "
- Brev frå Årdal kommune til Helse Vest RHF, dagsett 01.10.10 "Melding om vedtak Områdeplan for svangerskaps-, fødsels- og barselomsorga i Helse Førde – uttale frå Årdal kommune"
- Brev frå advokatfirmaet Harris på vegne av Aksjonskomiteen for bevaring av Nordfjord sjukehus – Gavebrev av 7. januar 1950 – Plikt til å undersøke om privat institusjon vil overta drift av Nordfjord sykehus.

Styret kommenterte brevet frå advokatfirmaet Harris, og la vekt på at det ikkje ligg føre planar om å legge ned sjukehus i Sogn og Fjordane. Svarbrev vil bli lagt fram under skriv og meldingar på neste styremøte.

109/10 B Styret si eigenevaluering

Oppsummering:

God verksemdstyring inneberer mellom anna at styret treng ei god eigenevaluering. Gjennom eigenevalueringa vil ein kunne få betre kunnskap om dei forhold som påverkar styret sitt arbeid, og ein vil kunne få auka grad av konsensus kring styret si rolle og arbeid og korleis det fungerer i dag. I tillegg vil eigenevalueringa synleggjere område som det er viktig å forbetre.

Revidert styreinstruks for styret i Helse Vest RHF blei vedteken i styremøte 6. september 2006, sak 073/06 B. Styreinstruksen omhandlar både styret si eigenevaluering og evalueringa av administrerande direktør, jf. styreinstruksen pkt. 4.2 anna og tredje avsnitt.

Mal for styret si eigenevaluering og vurdering av administrerande direktør blei vedteken i styremøte 1. september 2010 – sak 094/10 B.

Saksdokumenta i saka er opne, men saka blei behandla i lukka møte jf Offentleglova § 14 første ledd.

Vedtak (samrøystes):

Styret si eigenevaluering vart gjennomført i møtet.

110/10 B Vurdering av administrerende direktør og regulering av løn

Oppsummering:

Etter helseføretakslova § 29 skal styret føre tilsyn med administrerende direktør. Ein del av denne oppgåva vil vere å evaluere det arbeidet administrerende direktør gjer og hans utøving av rolla som dagleg leiar for det regionale helseføretaket.

Revidert styreinstruks for styret i Helse Vest RHF blei vedteken i styremøte 6. september 2006, sak 073/06 B. Styreinstruksen omhandlar både styret si eigenevaluering og evalueringa av administrerende direktør, jf. styreinstruksen pkt. 4.2 anna og tredje avsnitt.

Mal for styret si eigenevaluering og vurdering av administrerende direktør blei vedteken i styremøte 1. september 2010 – sak 094/10 B

Saksdokument i saka er opne, men saka blei behandla i lukka møte jf Offentleglova § 14 første ledd.

Vedtak (samrøystes):

Administrerende direktør si løn blei regulert opp med 3,5 % med verknad frå 1. januar 2010.

Ref. Torunn Nilsen

06.10.2010

Oddvard Nilsen
Styreleiar

Sett:

Ohene Aboagye

Gerd Dvergsdal

Torill Selsvold Nyborg

Sett:

Nils P Støyva

Lise Karin Strømme

Reidun Nyborg Johansen

Aud Berit Alsaker Haynes
Nestleiar

Gunnar Berge

Gisle Handeland

Gro Skartveit

Sett:

Helge Espelid

Aslaug Husa